

Innkomne innspel etter utsending av saka

Medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule 2019/2020

Vi viser til sak nr. 34/2018 som skal handsamast i hovudutval for opplæring 20. november 2018. I saka er det føreslege å ikkje lyse ut tilbod om utdanning i studieprogrammet medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule 2019/2020. I saka rår fylkesdirektøren til at utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon vert fasa ut ved Sogndal vidaregåande skule og vert fylkesdekkande tilbod ved Hafstad vidaregåande skule.

I saka står det at nedgangen i søkinga til medium og kommunikasjon er ein nasjonal trend. På sidene til Utdanningsdirektoratet finn vi desse søkartala for åra 2016 – 2018:

	2016	2017	2018
	Skole og læreplass	Skole og læreplass	Skole og læreplass
	Alle trinn	Alle trinn	Alle trinn
	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn
	Hele landet	Hele landet	Hele landet
Informasjon om utdanningsprogrammene ↗	Antall søkere	Antall søkere	Antall søkere
Alle - Utdanningstype - Utdanningsprogram - Programområde			
- Alle utdanningsprogram	210 651	208 920	207 383
- Studieforbereidende	115 625	117 031	116 281
+ Idrettsfag	13 159	13 335	13 245
+ Kunst, design og arkitektur	1 226	2 255	3 158
+ Medier og kommunikasjon	2 964	4 997	6 656

Vi er av den formeining at om let ein linja medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule leve og få forutsigbarheit, vil søknaden til denne linja ta seg opp att. Vår oppfatning er at det er uforutsigbarheita og usikkerheita om eksistensen til linja som gjer til at det vert låge søkartal. Det har vore sterk søknad gjennom 12 år til linja. Etter at det vart usikkerheit kring det tredje året, vart det eit kraftig fall i søknadstala.

Medielinja har gjennomgåande hatt veldig gode resultat. Vg3-klassa som gjekk ut i vår var den beste nokonsinne. Den har hatt tilgang på gode lærarkrefter, som har ein bakgrunn frå ulike medieyrke og mediefag.

I saka står det òg at det er utslagsgjevande for framlegget om medium og kommunikasjon som fylkesdekkande tilbod, er samarbeidet mellom medium og kommunikasjon og kunst, design og arkitektur ved Hafstad vidaregåande skule. Ved å fasa ut medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule vil ein fase ut det einaste kreative utdanningstilbodet som er her i regionen.

Kompetansen som elevane opparbeider seg gjennom dette studieforløpet vert endå viktigare framover, og det er ei framtidsretta satsing. Levande bilete og videokompetanse vert stadig meir

etterspurt. Digital kompetanse vert viktigare og viktigare i samfunnet, og media er difor eit vekstområde. Mediekunnskap og kommunikasjon vil vere ein nøkkelkompetanse i større delar av arbeidsmarknaden framover.

Medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule har ei unik lokalisering, med tanke på Fosshaugane Campus og samarbeidet med miljøet som er der. Her har elevane ein stor fordel med å ha Fosshaugane Campus som eit nasjonalt utstillingsvindaug, og med praksisplassar i relevante bedrifter som Sogn Avis, NRK, Porten, Gasta Design, Fjellsportfestivalen, Falkeblikk og andre filmselskap og Sogndal Fotball. Fylkespolitikarane har lagt inn store summar i Fosshaugane Campus, og det vil vere feil veg å gå når viktige linjer som er i samarbeid med aktørane vert avvikla.

Vi vil særskilt peike på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt inn store ressursar i satsinga på Fosshaugane Campus. Tapet av ei medielinja svekkjer profilen til denne satsinga som har nasjonal/internasjonalt tyngde. Det er uheldig når vi no skal gå inn i Vestland fylke. I intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland står det m.a. i *kapittel 5 - Framtidig tenesteyting* *fylgjande: «Vestlandsregionen skal yte best mogleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom: - ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram...»*

Å legge ned medium og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule, gir heller ikkje vesentleg innsparing, sidan det må opprettast ein fjerde klasse for studiespesialiserande som erstatning.

Medielinja er eit alternativt val for ungdommane som ikkje ynskjer eit reint studieførebuande løp, men noko meir i tillegg. Klassane opprettar ofte ungdomsbedrift, og tek oppdrag til dømes innan reklame, filming og streaming m.m. Skulen har fast avtale om å streame fylkesfinalen til Ungdomens kulturmønstring (UKM). I tillegg er medielinja ansvarleg for den årlege filmfestivalen; Sogndal Filmfestival. Dei lærer å arbeide i team og utviklar entreprenørskap. Dette er viktig lærdom for ungdommane våre til seinare i livet, både gjennom høgare studieval og i arbeidslivet.

Frå Kunnskapsdepartementet er det under utarbeiding eit nytt utdanningsprogram innanfor IKT og medieproduksjon, i samband med at departementet har fastsett endringar i tilbodsstrukturen for yrkesfagleg opplæring frå 2020. Dette kan vere ein veg å gå for Sogndal vidaregåande skule, men skal det då vere moglegheit for etablering og god søknad må noverande linje vidareførast med inntak frå vg1 frå hausten 2019.

Vi vil til slutt peike på at den sterke søknaden linja har hatt gjennom alle år, fram til usikkerheita rundt 3-årig løp oppstod for fire år sidan. Vi er sikre på at med god forutsigbarheit vil linja på nytt få sterk søknad.

Som foreldre ynskjer vi eit godt utdanningstilbod til ungdommane våre her i Sogn! Medielinja rekrutterer også inn gode elevar frå andre regionar i fylket.

Ole Petter Heggstad	Elisabeth Nesse Heggstad
Bjørn Tore Årøy	Laila Årøy
Erik Stavø	Ingunn Hatlevoll Stavø
Jørn Stenehjøm	Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm



OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGG-
OG BERGFAGENE

Hovudutvalget for opplæring

OKAB og MEF sitt innspill er tydelig og klart.

Vg2 Anleggsteknikk må aukast med ein klasse/gruppe i 2019/2020. Vg2 Anleggsteknikk rekruttera frå Vg1 Bygg og Anlegg og Vg1 TIP. OKAB og MEF har difor ikkje stilt krav til kva Vg1 gruppe som skal aukast i 2019/2020. Når vi har sett på søkjartalla dei siste åra er det ein kraftig oversøking til Vg2 Anleggsteknikk. OKAB har i so langt i år signert 57 nye kontrakter der 14 av dei er lærlingar som ikkje kom inn på Vg2 Anleggsteknikk eller gjekk feil Vg2 løp.

Byggopp var klar i sitt innspel at dei ikkje ville auke opp Vg1 Bygg og Anlegg.

Bilbransjens Opplæringskontor AS og Opplæringskontoret for transport og Logestikk var tydlege på å auke opp med ei gruppe Vg1 TIP i Stryn

Innspel frå fagopplæringsnemda:

Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på VG1 for skuleåret 2019 – 20. Bakgrunnen for dette er det auka behovet innan anleggsteknikk jf. brev frå opplæringskontoret for anleggs- og bergfag og Maskinentreprenørenes Forbund.

Helsing
Jan Erik Øygard
OKAB Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Hovudutval for opplæring

Att Bekka Skaasheim

Leikanger 17.11.2018

RESTAURANT OG MATFAG VED SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE MÅ LYSAST UT I 2019/20

Viser til sak 18/7760-45 i Hovudutval for opplæring som skal handsamast 20.11.2018.

Det er føreslege å ikkje lyse ut restaurant og matfag ved Sogndal Vidaregåande skule for skuleåret 2019/20, og årsaka er svak rekruttering dei siste åra.

Vi gjer merksam på at svak rekruttering diverre er ein nasjonal trend for dette faget. Det er difor sett i gang gode rekrutteringstiltak i fylket, tiltak ein truleg må vente litt for å sjå resultat av.

Sogndal Vidaregåande skule har i dag dei flottaste fasilitetane i fylket for denne utdanninga, og elevane ved restaurant og matfag er kritisk arbeidskraft for ein av dei aller største næringane i fylket, reiselivet.

Regionen har og mange institusjonskjøkken som skrik etter arbeidskrafta til elevane til Sogndal vidaregåande skule.

Det er naudsynt å gje elevane høve til å søkje utdanninga denne våren. Næringslivet signaliserer at dei ønskjer å nytte både tid og ressursar på å stimulere rekrutteringa gjennom vinteren, slik at studiet kan gjennomførast med naudsynt tal elevar.

Det er mogleg å kombinere utdanninga med vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege. For både inkluderingsarbeidet i regionen og for rekruttering til næringslivet vårt vil dette vere eit særskilt viktig tiltak.

Det er viktig med kreative utdanningar også i Sogn, og vi set vår lit til at fylkesutvalet vidarefører dette tilbodet i 2019/20.

Til lukke med utfordrande val for ungdommen vår

Med venleg helsing

Hotellgruppa i Sogn



Jack Eggum



MASKIN-
ENTREPRENØRENE
FORBUND

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Hovudutval for opplæring
v/leiar Karianne Torvanger

Opplæringstilbudet for 2019 – 2020

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) har tidlegare kome med innspel på opplæringstilbudet for 2019 – 2020, i brev av 01.10.18 til opplæringsavdelinga og i presentasjon på møte i Hovudutval for opplæring og Fagopplæringsnemnda den 24.10.18, der i MEF i begge høva har kome med innspel på at ein må auke opplæringstilbudet på VG2 Anleggsteknikk med 24 plassar.

I møteprotokollen frå møte i Fagopplæringsnemnda den 24.10.18 står det «
Bygg - og anleggsteknikk: Dette fagområdet bør lysast ut med ei gruppe ekstra på VG1 for skuleåret 2019 – 20. Bakgrunnen for dette er det auka behovet innan anleggsteknikk jf. brev frå opplæringskontoret for anleggs- og bergfag og Maskinentreprenørenes Forbund.»

I MEF sin presentasjon på møte den 24.10.18 står det: «Skuleplassar VG2 Anleggsteknikk: Vi ber med dette om at Sogn og Fjordane fylkeskommune etablerer 24 nye skuleplassar på VG2 anleggsteknikk for skuleåret 2019 – 2020.» Det vart og stilt spørsmål om det var eit absolutt krav frå MEF om å etablere 24 nye plassar, der svaret frå MEF var at får ein 12 plassar i 2019 og ytterlegare 12 plassar i 2020, så er MEF veldig nøgde med det.

MEF oppmodar derfor hovudutvalet for opplæring om å etablere 12 nye skuleplassar på VG2 Anleggsteknikk for skuleåret 2019 – 2020.

Med venleg helsing
Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)

Paul Olaf Baraas
Regionsjef

**MASKINENTREPRENØRENE
FORBUND**

Org nr.: 980 037 541

Hovedkontor
Postboks 505 Sentrum
0105 Oslo
Fred Olsensgate 3
0152 Oslo
Telefon: 22 40 29 00
Telefaks: 22 33 31 89
firmapost@mef.no

www.mef.no

REGION ØST

Hedmark
Oppland
Østfold
Oslo/Akershus
Adr. og tlf. se
MEF hovedkontor

Distriktkontor
Hedmark
Oppland
Stolvstadvegen 1
2360 Rudshøgda
Tlf. 958 72 000

REGION SØRØST

Buskerud
Vestfold
Telemark
Broen 6
3170 Sem
Telefon: 33 35 99 90

REGION SØRVEST

Agder
Sør-Rogaland
Kongsgate 24
4610 Kristiansand
Telefon: 958 38 000

REGION VEST

Nord-Rogaland
Hordaland
Sogn og Fjordane
Eidsvågbakken 1
5105 Eidsvåg
Telefon: 994 28 900

REGION MIDT

Møre og Romsdal
Sør-Trøndelag
Nord-Trøndelag
Hornebergveien 1
7038 Trondheim
Telefon: 948 78 000

REGION NORD

Nordland
Troms
Finnmark
Boks A4,
Stakkevollveien 41
9010 Tromsø
Telefon: 77 62 44 22

Distriktkontor

Nordland
Sandgata 5A
8006 Bodø
Telefon: 958 45 050

**SEKSJON RESSURS
OG MILJØ**

Fagavdelingene
Skog
Brønn og spesialboring
Gjenvinning og avfalls-
håndtering
Postboks 505 Sentrum
0105 Oslo
Fred Olsensgate 3
0152 Oslo
Telefon: 22 40 29 00

Fra: Torgeir Skålid <torgeir@sognnaring.no>

Sendt: måndag 19. november 2018 09:51

Til: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>; Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no>; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>

Kopi: Bekka Skaasheim <Bekka.Skaasheim@sfj.no>; Agnar Holen <agnar@holen-installasjon.no>; Jarle Aarvoll <jarle.aarvoll@sogndal.kommune.no>

Emne: Opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020

Kjære medlemmar av hovudutval for opplæring.

Tysdag er de sett til å ta utfordrande avgjerder for ungdommen i Sogn og Fjordane, når de skal fastsetje opplæringstilbudet for skuleåret 2019-2020.

Frå Sogn får de ei tydeleg tilbakemelding frå både næringsliv, kommunar og regionråd om at restaurant og matfag og medium og kommunikasjon utdannar kritisk kompetanse for vidare utvikling av regionen. Vi treng ro rundt desse utdanningane no, og lokalsamfunn, kommune og næringsliv vil framover intensivere samarbeidet for å stimulere rekruttering og relevans i utdanningane.

Restaurant- og matfag

Eit reisemål i verdsklasse MÅ ha tilgang på utdanning innan restaurant og matfag. Fasilitetane på Sogndal vidaregåande skule er fantastiske og vi har eit offensivt næringsliv som ønskjer å bidra,

Visit Sognefjord og Sogn Næring har, på vegne av næringsliv og lokalsamfunn, publisert støtteskrivet [Restaurant og matfag utdannar nøkkelkompetanse til reiselivet.](#)

Rundt dette faget, har Sogn Næring tett dialog både med næring og skule. Det er liten tvil om at ansvar for både innhald i utdanning, og rekruttering er Sogndal vidaregåande og Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt ansvar. Næringslivet er imidlertid veldig tydelege på at ein ønskjer å bidra til å løfte tilbodet ilag med skulen.

Vi ber om at hovudutval for opplæring vedtek å lyse ut restaurant og matfag ved Sogndal Vidaregåande skule skuleåret 2019/20. Allereie onsdag lover vi at Sogn Næring kallar inn representantar for næring, skule og kommune for å intensivere rekrutteringsarbeidet fram mot søknadsfristen. Når rekrutteringsperioden er over, er alle partar samde om å opprette eit fora der ein ilag vil vidareutvikle utdanninga, og skaffe naudsynte lærlingplassar.

Medium og kommunikasjon

Medietilbudet ved Sogndal Vidaregåande skule har ei flott historie, med mange tidlegare elevar sentralt plassert i nasjonale medieinstitusjonar i dag. Linja har rekruttert godt, men etter omlegginga til å bli eit studieførebuande løp, har utdanninga gradvis rekruttert dårlegare.

Sogndal Vidaregåande skule har fantastiske fasilitetar for ei medieutdanning. Miljøet på Campus Sogndal gjev idéelle rammer for studiet, med flotte praksisplassar i meget relevante bedrifter som Sogn Avis, NRK, Porten, Falkeblikk og andre filmselskap og Sogndal Fotball med mellom anna storskjermproduksjon. Fleire av desse er øvingsarenaer og samarbeid som

er unike for Sogndal og Campus, og det vil vere eit stort tap for elevane å misse dette tilbudet. I tillegg ser vi at mediekunnskap vert nøkkelkompetanse i større deler av arbeidsmarknaden framover.

Store delar av næringslivet vårt har behov for mediekompetanse. Det vil soleis vere uheldig å ikkje lyse ut tilbudet neste skuleår. Mediefaga må uansett ivaretakast som programfag på studiespesialiserande retning.

Kunnskapsdepartementet har fastsett endringar i tilbodsstrukturen for yrkesfagleg opplæring frå 2020, som m.a. inneheld eit nytt utdanningsprogram innanfor IKT og medieproduksjon. Utdanningsprogrammet vil erstatte den praktiske vinklinga medie- og kommunikasjon hadde som yrkesfag før endringa til studieførebuande utdanningsprogram. Dette gjeld spesielt fokus på film- og bildeproduksjon, der samarbeid med medieverksemdar i fylket, Sogndal filmfestival og produksjon knytt til Sogndal Fotball har vore sentralt.

Dette utdanningsprogrammet byggjer opp under næringslivet sine noverande og framtidige behov. Næringslivet i Sogn har god tru på ei linje med 12 plassar i IKT og medieproduksjon i den nye strukturen frå 2020. Næringslivet viser og vilje til å stille med lærlingplassar, ein jobb Sogn Næring gjerne tek på seg å koordinere framover, dersom ei slik line er aktuell å lokalisere i Sogndal.

I tillegg sender næringslivet gode signal om at dei vil vere på tilbodssida knytt til sjølve innhaldet i utdanninga (utplassering, føredrag og anna samarbeid).

Om de er interessert i utfyllande informasjon, er underteikna tilstades på Leikanger tysdag. Lukke til med handsaminga av saka.

For Sogn Næring AS

Torgeir Skålid
Dagleg leiar

torgeir@sognnaring.no
+47 975 87 931



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringstilbodet 2019-2020

Viser til sak om opplæringstilbodet 2019-2020 som hovudutval for opplæring handsamar 20.11.2018.

Sogn regionråd er oppteken av at tilbodet i vidaregåande opplæring sikrar arbeids- og næringsliv sitt behov for arbeidskraft. Tilbodet i regionen må ha tilstrekkeleg breidde til å treffe dei fleste elevane sine behov for å gå på skule i rimeleg avstand til heim og heimkommune.

Sogn regionråd er usamd i at det vert gjort store endringar i tilbodsstrukturen som å leggja ned fylkesdekkande linjer året før yrkesfagløpet blir omstrukturert nasjonalt.

Vår region kjem svært dårleg ut i høve til fylket elles. Samanlikna med utlyst tilbod i 2018-2019 får Sogn 96 færre plassar medan resten av fylket får auke med 222 plassar. Sogn regionråd finn det urimeleg at Sogn får så stor reduksjon i tal plassar.

Sogn regionråd meiner forslaget frå fylkesdirektøren ikkje gir god nok kapasitet innan yrkesfag slik næringslivet har meldt behov om. Forslaget frå fylkesdirektøren inneber at viktige programområde ikkje vert tilbydd i vår region. Dette gir ungdommane i Sogn færre valmoglegheiter enn resten av fylket.

1. Frisørfaget (Høyanger) og restaurant- og matfaget (Sogndal) utdannar arbeidskraft som næringslivet har behov for. Sogn regionråd ber om at desse to yrkesfaga vert vidareførde. Auke i elevtalet for kommande år bør gje rom for å imøtekoma vidareføring av utdanningar som næringslivet etterspør. Sogn regionråd ber om at frisør vg2 ved Høyanger og restaurant- og matfag i Sogndal vert lyste ut.
2. Næringslivet i vår region etterspør mediekompetanse. Det nye programmet IKT og medieproduksjon frå 2020 vil byggje opp under næringslivet sine behov. Tilbodet om medium og kommunikasjon i Sogndal bør vidareførast og lysast ut neste skuleår.
3. Årdal kommune vil saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen.
 - Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor
 - Samarbeide tett med Sogn Opplæringskontor for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Fra: Silja Juklestad

Sendt: måndag 19. november 2018 12:59

Til: Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no>; Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>

Emne: Innspel til plan for fagtilbudet i vgs 2019/2020

Til medlemmer i hovudutvalet for opplæring, Sogn og fjordane fylkeskommune.

Fylkesdirektøren i opplæringsavdelinga rår hovudutval for opplæring å gjere vedtak om at det blir lyst ut halve klassar (maks 15 elevar) til VG1 på kunst, design og arkitektur (KDA) og på medium og kommunikasjon (MK) for skuleåret 2019-20. Dette er ei redusering av tilbudet i forhold til dagens klassar med opp til 19 elevar i kvart av fagområda.

Vi ber om at det vert lagt eit tillegg til dette vedtaket:

*Ved søkjartal på 24 elevar eller fleire skal det opprettast full klasse på linjene **kunst, design og arkitektur** og på **medium og kommunikasjon**.*

Desse linjene er fylkeslinjer innan fagområde som er ein viktig del av identiteten til Sogn og Fjordane, og det er linjer som gir ein alternativ veg til studiekompetanse for elevar som ynskjer ein meir praktisk skulekvardag innan estetiske og kreative fagområde. Blir det mange nok søkjarar til å starte opp fulle grupper, vil det vere uheldig at halvparten av søkjarane til VG1 på kvart programområde må flytte til Hordaland/Bergensområdet for å få gå på den linja dei ønskjer.

Venleg helsing

Faglærarar ved linjene kunst, design og arkitektur & medium og kommunikasjon

Grete Huus, Wenche Steinsvik, Svein Myklebust, Silja Juklestad, Karoline Vie,
Anne Brit Sande, Ole Johnny Devik, Gunnar-Arne Haaland, Johnny Flaten, Dag Erik Solnørdal

Fra: Silje Luzia Rødeseike <silje.rodeseike@nho.no>

Sendt: mandag 19. november 2018 14:51

Til: Tor-Einar Holvik Skinlo <Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no>; Bekka Skaasheim <Bekka.Skaasheim@sfj.no>; Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>

Kopi: Nils P. Støyva (SFJ kontakt) <nils.petter.stoyva@lo.no>; Tom Knudsen (sfj kontakt) <tom.knudsen@nho.no>

Emne: Opplæringstilbudet for skuleåret 2019/2020. Trong for data- og elektronikk i Sunnfjord og restaurant- og matfaget i Sogn.

Hei,

Både vg2 data- og elektronikk ved Mo og Øyrane vgs og Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs er føreslegen nedlagt i fylkesdirektøren sitt framlegg til vedtak. NHO Vestlandet og Distriktskontoret til LO Sogn og Fjordane ser det som svært viktig å legge til rette for utdanningstilbud i disse faga og vil oppmode hovudutvalet for opplæring om å oppretthalde opplæringstilbudet både innan Vg2 data- og elektronikkfaget i Sunnfjord og restaurant- og matfag i Sogndal. (Sjå vedlagt fråsegn).

På vegne av regiondirektør i NHO Vestlandet, Tom Knudsen og Distriktssekretær i LO, Nils P. Støyva.

Med venleg helsing

Silje Rødeseike

Rådgjevar, NHO Vestlandet

+47 928 39 839

silje.rodeseike@nho.no

Næringslivets Hovedorganisasjon Vestlandet

Hordaland og Sogn og Fjordane

Strandgata 15, Postboks 217, 6901 FLORØ

+47 55 23 98 00

<https://www.nho.no/vestlandet>

<https://www.nho.no/>



Opplæringstilbudet for skuleåret 2019/2020. Trong for data- og elektronikk i Sunnfjord og restaurant- og matfaget i Sogn.

Både vg2 data- og elektronikk ved Mo og Øyrane vgs og Restaurant- og matfag ved Sogndal vgs er føreslegen nedlagt i fylkesdirektøren sitt framlegg til vedtak. NHO Vestlandet og Distriktskontoret til LO Sogn og Fjordane ser det som svært viktig å legge til rette for utdanningstilbod i desse faga, då det i følgje NHOs kompetansebarometer og LO sine undersøkingar er eit behov for denne type kompetanse i ulike delar av næringslivet.

Organisasjonane, som begge er representert i fagopplæringsnemnda, har tidlegare i si fråsegn bede om å behalde dei noverande i tilboda i desse faga også for skuleåret 2019-2020.

Det er eit stort behov for fagarbeidar innan restaurant- og matfag, spesielt hos reiselivsnæringa og hotella i fylket. Vi ber difor at det satsast vidare på restaurant og matfag i Sogndal.

Næringslivet generelt og eit veksande teknologimiljø i regionen spesielt har behov for data- og teknologikompetanse på ulike nivå. Vi treng fagarbeidarar, lærlingar og bachelor- og masterutdanna innan tekniske fag og IT-fag. Det vert også satsa stort på teknologi ved forskingsinstitusjonar og på Høgskolen i fylket. Vi ber difor om at tilbodet innan data- og elektronikkfaget på vidaregåande nivå vert oppretthalde både i Nordfjord, Sogn og Sunnfjord.

I samband med dette, er det også viktig at bedriftene i fylket stiller med lære plassar. Lære plassar innan desse faga er ein føresetnad for å oppretthalde opplæringstilbudet.

NHO Vestlandet og distriktskontoret til LO Sogn og Fjordane vil oppmode hovudutvalet for opplæring om å oppretthalde opplæringstilbudet både innan Vg2 data- og elektronikkfaget i Sunnfjord og restaurant- og matfag i Sogndal.

Tom Knudsen

Regiondirektør NHO Vestlandet

Nils P. Støyva

Distriktssekretær LO Sogn og Fjordane

Fra: Per Jørgen Silden [<mailto:pjs@skipskompetanse.no>]

Sendt: måndag 19. november 2018 14:58

Til: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@sfj.no>; Alfred Jens Bjørlo <Alfred.Jens.Bjorlo@sfj.no>; Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@sfj.no>; Anders Ryssdal <Anders.Ryssdal@sfj.no>; Ole Johnny Stubhaug <Ole.Johnny.Stubhaug@sfj.no>; Henrik Oppen <Henrik.Oppen@sfj.no>; Senea Sabanovic <Senea.Sabanovic@sfj.no>; Sonja Merethe Øvre-Flo <Sonja.Merethe.Ovre-Flo@sfj.no>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>

Kopi: Stein Kvalsund <stein@maritimsfj.no>

Emne: Opplæringstilbud 2019 - 2020

Til opplæringsutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Viser til fylkesdirektørens tilråding til hovudutvalet for opplæring og spesielt til utlysning av tilbudet for YSK ved Måløy Videregående Skule.

På vegne av Maritime Forening Sogn og Fjordane, som representerer 70 bedrifter med ca 2500 sysselsatte, vil vi for vår del spesielt understreke viktighetene av YSK- TIP tilbudet. For mange av de maritime bedriftene i fylket er det av stor viktighet å kunne rekruttere ingeniører med god praktisk bakgrunn som de får gjennom YSK opplæringen. Det er også stort behov for fagarbeidere i bedriftene med denne type praktisk og teoretisk bakgrunn.

Vi ber om at vedtaket blir med minimum antall plassert på YSK-TIP som beskrevet i tilrådingen, men aller helst skulle vi sett en økning i antallet.

Signerer som Styreleder i Maritime Forening Sogn og Fjordane

Med vennlig hilsen /
Best regards

Daglig Leder / CEO

Per Jørgen Silden



Skipskompetanse

Fiskernes Hus
Gate 1 nr 112
Postboks 266
6701 MÅLØY

Mobil: + 47 416 66 861
pjs@skipskompetanse.no
www.skipskompetanse.no

Follow us on [facebook](https://www.facebook.com/skipskompetanse)

Please consider the environment before printing this email

Til: Hovedutvalet for opplæring, Sogn og Fjordane

Sogndal 19. november 2018

Innspel til utdanninga restaurant og matfag ved Sogndal vidaregåande skule.

Me syner til sak 18/7760-45 i hovudutval for opplæring som skal handsamast 20.11.2018.


Det er lagt fram forslag om ikkje å lyse ut restaurant og matfag ved Sogndal Vidaregåande skule for skuleåret 2019/20 med bakgrunn i låg rekruttering og ønskje om å konsentrere linja.

Sogn er eit av dei største reisemåla i Noreg med meir enn 1 million tilreisande med ei omsetning på kr. 1,3 mrd. Årleg. Reiselivsnæringa er den femte største næringa i Sogn, og den fjerde største arbeidsgjeveren (kjelde: Menon, 2017). Årleg vekst i reiselivsnæringa ligg på 10-15%, med forventa langsiktig auke på minimum 5-6% årleg fram mot 2030. Dette gjer at etterspurnaden etter arbeidskraft knytt til restaurant- og matfag vil vere aukande i åra framover. Reiselivsnæringa uttrykkjer aukande behov for denne type arbeidskraft, og gir allereie signal om at det er utfordrande å få nok arbeidstakarar deler av året.

Med bakgrunn i dette bør det vere eit tilbod i Sogndal om vidaregåande utdanning innanfor restaurant og matfag. Interesserte elevar bør såleis få høve til å søkje utdanninga til våren.

Reiselivsnæringa ynskjer i samarbeid med Visit Sognefjord å nytte både tid og ressursar på å stimulere rekrutteringa gjennom vinteren, slik at studiet kan gjennomførast med naudsynt tal elevar frå hausten 2019.

Visit Sognefjord oppmodar hovudutvalet for opplæring til å opne for at studie plassane vert lyst ut våren 2019, så får søkjartala avgjere vidare framtid for studiet frå komande haust.



Ståle Brandshaug

Reiselivsdirektør, Visit Sognefjord AS

RESTAURANT OG MATFAG VED SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE MÅ LYSAST UT I 2019/20

Viser til sak 18/7760-45 i Hovudutval for opplæring som skal handsamast 20.11.2018.

Det er føreslege å ikkje lyse ut restaurant og matfag ved Sogndal Vidaregåande skule for skuleåret 2019/20, og årsaka er svak rekruttering dei siste åra.

Vi gjer merksam på at svak rekruttering diverre er ein nasjonal trend for dette faget. Det er difor sett i gang gode rekrutteringstiltak i fylket, tiltak ein truleg må vente litt for å sjå resultatata av.

Sogndal Vidaregåande skule har i dag dei flottaste fasilitetane i fylket for denne utdanninga, og elevane ved restaurant og matfag er kritisk arbeidskraft for ein av dei aller største næringane i fylket, reiselivet.

Regionen har og mange institusjonskjøkken som skrik etter arbeidskrafta til elevane til Sogndal vidaregåande skule.

Det er naudsynt å gje elevane høve til å søkje utdanninga denne våren. Næringslivet signaliserer at dei ønskjer å nytte både tid og ressursar på å stimulere rekrutteringa gjennom vinteren, slik at studiet kan gjennomførast med naudsynt tal elevar.


Det er mogeleg å kombinere utdanninga med vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege. For både inkluderingsarbeidet i regionen og for rekruttering til næringslivet vårt vil dette vere eit særst viktig tiltak.

Det er viktig med kreative utdanningar også i Sogn, og vi set vår lit til at fylkesutvalet vidarefører dette tilbodet i 2019/20.

Til lukke med utfordrande val for ungdommen vår

Lærdal 19.11.18.

HOTELLGRUPPA I SOGN


Knut Lindstrøm